

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/38/22

av 14. mars 2005

om endring av vedtak 2003/136/EF med omsyn til oppheving av planane for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg(*)*[meldt under nummeret K(2005) 589]***(Berre den franske teksta er gyldig)**

(2005/224/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾, særleg artikkel 16 nr. 1 og artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I 2001 vart det påvist tilfelle av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg.
- 2) Kommisjonen har vedteke kommisjonsvedtak 2003/136/EF av 27. februar 2003 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg⁽²⁾ som eitt av ei rekkje tiltak for motkjemping av klassisk svinepest.
- 3) Luxembourg har lagt fram opplysningar som syner at situasjonen med omsyn til klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg er vorten monaleg betre, og at det ikkje lenger er naudsynt å nytte den godkjende planen for vaksinasjon.
- 4) Vedtak 2003/136/EF bør difor endrast.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedtak 2003/136/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Artikkel 2 vert oppheva.
2. Artikkel 3 skal lyde:

«Artikkel 3

Luxembourg skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å gjennomføre dei planane som er nemnde i artikkel 1, i dei områda som er nemnde i vedlegget.»

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Storhertugdømmet Luxembourg og Republikken Frankrike.

Utfërda i Brussel, 14. mars 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 71 av 17.3.2005, s. 69, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 139/2005 av 2. desember 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av 23.2.2006, s. 7.

⁽¹⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av 2003.

⁽²⁾ TEU L 53 av 28.2.2003, s. 52.